



Stordugnaden på Helgheim torsdag er viktig hvis huset skal vera klårt så tidleg som mogeleg i mai. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torsdag blir det stordugnad på Helgheim, opplyser husstyreleiar Audun Eik til uskedalen.no. Han har fått lovnad frå fem om at dei vil ta eit tak, men det vil ikkje vera noke problem å beskjeftiga 10 til. Dei kan berre ringja han.**

Det er nok å hengja fingrane i, og det er mogeleg å jobba fleire stader samstundes. Men kva ein faktisk får gjort avheng sjølvsagt i stor grad av veret.

Dette er i det minste nokre av arbeidsoppgåvane:

- Listing av vindauger ute og inne
- Skraping av maling utvendig
- Skraping og oljing av ytterdører
- Legging av plater i gangen, der det etterpå skal leggjast belegg
- Foring av vinduskarmane

- Det har vore ein stillstand i det siste. No vonar vi å få gjort mykje, men det blir truleg ikkje mogeleg å rekkja alt, seier Audun. Han er ungdomslagsveteran og har gjort rein storinnsats gjennom 30 år, ikkje minst med hytta Fjelly ved Mannsvatnet.

- Må Helgheim bli "ny" innan ein bestemt frist?

- Det skal vera eit bryllup i mai og så er det jo triveleg å kunne nytta Helgheim på Grunnlovsdagen.. Med andre ord bør målsettinga vera å fullføra verket så tidleg som mogeleg i mai, seier ein stadig like entusiastisk dugnadsbas.

Av Ola Matti Mathisen

